



Senter for internasjonalisering av utdanning  
Postboks 1093  
5809 BERGEN

Dato: 26.09.2016  
Vår ref.: 2016/5801-3  
Saksbehandlar: berroks  
Dykkar ref.:

## **Søknad om godkjenning av samarbeidsprogram med skule i Skottland og om støtterett i Statens lånekasse**

Hordaland fylkeskommune (HFK) søker med dette om godkjenning av tilbod om eit utvekslingsår og godkjenning av studiestøtte i Lånekassen for elevar i Hordaland som tek Vg2 ved ein vidaregåande skule i Skottland. Utanlandsklassen vil bli administrert av Amalie Skram vidaregåande skole. Klassen vil vere på inntil 20 elevar på Vg2 studiespesialiserande programområde i Midlothian i Skottland frå skuleåret 2017-18.

Det nye utdanningstilbodet er tenkt etter modell av HFK sine utanlandsklassar i Cardiff, Erfurt, Normandie og Missouri. Elevane skal rekrutterast frå heile Hordaland, og på sikt kan ein sjå føre seg å fordele elevane på fleire skular i Skottland. Førebels har HFK kontakt med St. David's High School i byen Dalkeith i regionen Midlothian, om lag 20 minutt frå Edinburgh. Kontakten med skulen blei oppretta gjennom det norske generalkonsulatet i Edinburgh i fjor haust, og samarbeidet med skulen har vore tett og godt. St. David's High School er ein integrert 8-13 skule med god kapasitet, og skulen har god erfaring med utvekslingselevar, også norske elevar. Skulen har også eit godt samarbeid med universitet og høgskular i regionen og i Edinburgh.

### **Organisering og omfang**

Tilbodet i Skottland vil innebere at inntil 20 elevar vil kunne få plass på St. David's High School i eit heilt skuleår. Skuleåret vil telje som Vg2 studiespesialiserande utdanningsprogram. Etter året i Skottland vil elevane komme tilbake til norsk vidaregåande skule og gå inn i Vg3. Amalie Skram vgs samarbeider nå med skuleleinga ved St. David's High School om å utvikle eit relevant tilbod. Elevane som vil få tilbodet, kan såleis gjennomføre den vidaregåande utdanninga på dei ordinære tre åra samstundes som dei skaffar seg verdifull internasjonal erfaring.

Det er tenkt at elevane skal bu i vertsfamiliar i nærleiken av skulen. St. David's High School skaffar vertsfamiliar og kvalitetssikrar familiane. Den skotske skulen har eit godt organisert busstilbod slik at elevane vil kunne reise trygt mellom vertsfamilie og skule.

Elevane vil bli valde ut gjennom intervju og personlig søknad slik ordninga er for dei andre Vg2-tilboda i utlandet. Førsette vil få ei detaljert orientering om utanlandsopphaldet og spesifikke informasjonsskriv når uttaket av elevane er ferdig. Elevane vil bli følgde opp av koordinator på Amalie Skram vgs gjennom heile skuleåret, enten gjennom besøk eller på nett, og førsette kan ha kontakt med koordinatoren når det er ønskeleg. Elevane vil også få ein kontaktperson på skulen i Skottland.

### **Pedagogisk innhald**

St. David's High School vil tilby fag som elevane kan byggje vidare på i Vg3 i Hordaland. Amalie Skram vgs og den skotske skulen samarbeider om å hjelpe elevane til å velje fag og fagkombinasjonar som gjer at dei oppfyller krava innanfor studiespesialiserande programområde. Skulane går gjennom læreplanane som gjeld for faga ved St. David's High School, for å sikre at dei norske elevane får eit likeverdig tilbod i Skottland. For faga norsk og historie der delar av faga ligg på Vg2, men blir avslutta på Vg3, vil Amalie Skram vgs organisere undervisning gjennom samlingar og nettundervisning. Elevane vil bli følgde opp av faglærar og koordinator.

Dette tilbodet blei vedteken i Fylkesutvalet i HFK 22. september 2016, og Opplæringsavdelinga og Amalie Skram vgs vil nå saman med St. David's High School utarbeide ein avtale for utdanningssamarbeidet. Vedlagt er det foreløpige utkastet til avtale. Den signerte avtalen vil bli ettersend så snart som mogeleg.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Berit Roksvåg  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Aud Trohaug

Vedlegg

1 Samarbeidsavtale - utkast